


Skaun kommune  
Namnekomiteen

Skaun rådhus  
7353 BØRSA

Det kgl. Kulturdept.  
Postboks 8030 Dept.

0030 OSLO



22.3.04

## HØRINGSFORSLAG OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN

Namnekomiteen i Skaun kommune har drøfta forslaget til endring av Lov om stadnamn, og har følgjande merknader:

Det positive i forslaget er at ein framleis vil legge vekt på stadnamna som **verdifulle kulturminne**, at skrivemåten av **primærfunksjonen skal vere retningsgjevande** og at den faginstansen som namnekonsepttenesta representerer, blir tatt på alvor. Vi er og samde i at Statens kartverk har vedtaksrett ved statlege namn. Vi har erfart at Statens kartverk kan samarbeide godt med lokale instansar, og at dei tar omsyn til faglege innspel.

Klageretten, med krav om å grunngi anken, kan og vere ei forbetring. Her er det viktig at fagleg ekspertise kjem tidleg inn i prosessen.

Det er viktig at klagesakene ikkje verkar slik at ein på nytt vil forandre lovene, berre for å få klagemengda mindre! Vi har ei kjensle av at nokre av forslaga som no ligg føre, nettopp har komme fram fordi ein vil ta meir omsyn til slektsnamnformer enn til rett skrivemåte av stadnamna. Ein del privatpersonar ser ikkje forskjellen på gamle lokale namn og konstruerte slektsnamn. Mange trur og at ein skrivemåte, ofte utan noko slags etymologisk grunnlag, er rett - berre fordi dei finn forma i diverse skriftlege kjelder. Andre tar i bruk eit framandt slektsnamn som namn på bruket, og når eigarane skifter, skifter bruksnamnet.

Ein del av forslaga til endring av lova kan/vil føre til at denne uheldige bruken blir forsterka!

Vi ønskjer derfor at ein:

### 1. Held fast på formuleringa **«den nedervde lokale uttalen»**, under §4.

( Her må ein klargjere kva som ligg i omgrepet, først og fremst korleis ein **etymologisk grunngir** skrivemåten ).

2. Legg sterkare vekt på dei munnlege formene som er overlevert frå tidlegare generasjonar, og ikkje lar nyare skriftformer/slektsnamnformer utkonkurrere desse.

Her meiner vi at dept. legg altfor stor vekt på evt. slektsfølelsar til eigar/festar, som blandar i hop gardsnamn og slektsnamn.

Kapitlet **Generelt om stedsnavn** tar m.a. opp samansette namn, og brukar eksemplet Bø søre. Dette er ei namnsetjing som strir mot ein nederva, munnleg tradisjon, og som dessverre fortrenger, og etter kvart drep, mange gamle bruksnamn. Namn som Sørgard / Søstu o.l. vil forsvinne, og det er både eit språkleg og kulturhistorisk tap! (Den same utviklinga får vi med den nymotens skikken Bø Gård / Bø Gaard o.l.)

Dept. bør vere varsam med å bruke slike eksempel.

3. Presiserer at det må svært sterke grunnar til for å kunne bytte ut eit nedervd stadnamn med eit namn utan tradisjon på plassen, jfr. § 3.

(Eks.: Krokstad istf. Jule, (slektsnamnet til eigaren)


4. Går inn for at ein skal bruke den forma som har lengst tradisjon i munnleg bruk, dersom ho kan forsvarast etymologisk.

5. Styrkar namnekonsulenttenesta, m.a. ved at konsulentane kjem inn i prosessen så tidleg som råd.

Med vennleg helsing  
Namnekomiteen , Skaun kommune

  
Olaf Bøgeberg

  
Per Rønningen

  
Hallgerd Aune